

(9) VARDEN PÅ VETEN

Tekst og tone: **FREDDIE LANGRIND**

For å få aksept som ein ekte eidar må ein ha vore på toppane. Ikkje kvar dag, men rett som det er. Etter eit par forsøk eg helst ikkje vil tale om, valde eg meg Vetem. Då kan ein nemleg køyre bil opp på åsen, og parkere like nede i svingen. Ifølgje turboka har ruta til Vetem ein vanskegrad på litt over null.

Em Em7 Am

Eg gjekk meg ein svipp-tur til Vet-en, _____ og

D B7 Em Cmaj7 Edim

5 kart-et var pas-se-leg flatt, _____ eg skjøn-te meg rett nok på

F#7 B7 Am6/E B7

11 kot-er _____ og kor-leis fys-ik-ken var fatt: _____ Min

Em Em7 Am D

17 si-su har gøymt seg i ti-da, _____ mitt le-kam har

B7 Em Cmaj7 Edim F#7

22 søkt om ak-kord, _____ eg stav-ra meg opp-ov-er li-a _____

B7 E sus4/B Em

28 _____ på yn-ke-leg, u-nemnt re-kord. _____ Og

Am Em Am

33 vard-en peik-ar opp, og vard-en peik-ar opp dit ing-a

F#7 B7 Am

38 gren-ser finst. _____ Vår-her-res hus er stort, Vår-


Em Edim B7 Em

43 her-res hus er stort, han lo så vidt eg minst.

Eg gjekk meg ein svipptur til Vetem og kartet var passeleg flatt, eg skjønnte meg rett nok på koter og korleis fysikken var fatt: Min sisu har gøymt seg i tida, mitt lekam har søkt om akkord, eg stavra meg oppover lia på ynkeleg, unemnt rekord.
:/: Og varden peikar opp, :/: dit inga grenser finst.
:/: Vårherres hus er stort, :/: han **lo** så vidt eg minst.

Den lettaste vegen å vandre, ei rute dei minste har greidd. Det gjeld vel å stole på andre som ukjend og utrent i Eid. Ein halvtime sto det i boka, då skulle det nok vere gjort, men beina vart lamme i broka og jaggu gjekk klokka mi fort.
:/: Og varden peikar opp, :/: dit inga grenser finst.
:/: Vårherres hus er stort, :/: han **gråt** så vidt eg minst.

Eg finn kanskje tid for reprise, det gjeld jo å finne sin topp, og eg er jo knapt ein novise og veit at ein aldri gir opp. Og skulle du så observere eit varsel av flammer og eim då veit du at du skal spasere og kome og hente meg heim.
:/: Og varden peikar opp, :/: dit inga grenser finst.
:/: Vårherres hus er stort, :/: han **sov** så vidt eg minst.



Varden på Vetem 566 m.o.h. reist av lokalbefolkningen med plakett:

Som nordenfjeldske um Norig me staa paa vakt. Reist 1910

Varden står på odelsgrunnen til Magdeli, barnebarnet.